

Positiv attest frå kontrollørane

09.08.2013

Skjenkekontrollørane har kome med ei positiv attest etter Festidalen. Dei har imidlertid ikkje kontrollert om det vart skjenka til nokon under aldersgrensen. Ellers har dei mellom anna svara slik på spørjeskjemaet:

Tydeleg rusa personar fekk ikkje tilgjenge.

Det vart ikkje observert overskjenking

Det vart ikkje sett alkohol som var teken med inn eller teken med ut.

Det var mogeleg å få servert alkoholsvak eller alkoholfri drikk.

Skjenketida og reklameforbodet vart halde